

Til hovudutval for samferdsle, Sogn og Fjordane fylkeskommune

**Innspel om flytting av ferjer**

Bremanger kommune og Vågsøy kommune reagerer på at ferja mellom Måløy, Husevågøy og Oldeide blir flytta når det er problem med ferjer lenger inne i Nordfjorden. Det har skjedd to gongar siste tida, seinast søndag 11. september. Då fekk ferja mellom Lote-Anda problem, Stårheim-Isane vart flytta dit og, og ferja ytterst i Nordfjord vart flytta til Stårheim-Isane. Det vart rett nok sett inn hurtigbåt, men denne tok ikkje bilar.

Slike flyttingar medfører at vi ikkje har kommunikasjon for bil mellom Måløy, Husevågøy og Oldeide, og området får eit langt därlegare tilbod. Det er til tider stor trafikk av både næringsliv og pendlarar på sambandet, og desse er avhengige av regularitet. Området har lange avstandar, og omkjøring er svært tidkrevjande. Om veret i tillegg var därleg og Måløybrua blei stengt, hadde folk på Vågsøya i stor grad vore isolerte.

Vi ber derfor om at det blir vurdert andre løysingar enn å fjerne ferja mellom Måløy, Husevågøy og Oldeide ved slike hendingar.

Helsing

Audun-Åge Røys

Kristin Maurstad

Ordførar Bremanger kommune

Ordførar Vågsøy kommune